

# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Rossland skule  
Skintveitvegen 11  
5917 ROSSLAND

Dykkar ref.	Vår ref. 2007/2153 - 10789/2009	Saksbehandlar – tlf. Grethe Elin Mjelde - 56 37 57 70	Arkivkode 1256 Meland	Dato 15.05.2009
-------------	------------------------------------	--	--------------------------	--------------------

## UTSETT FRIST FOR RETTING OG SØKNAD OM NY GODKJENNING

Rossland skule sendte søknad om godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* den 08.10.2007. I det samband vart det utført eit tilsyn den 10.12.07. På tilsynet for godkjenning vart det oppdaga avvik i forhold til forskrifta. Skulen vart ikkje godkjent, og det vart satt frist for retting og søknad om ny godkjenning til 01.03.09.

Skulen sende søknad om utsetjing av fristen for ferdiggjering den 27.03.09.

I det samband vart det utført eit tilsyn ved skule den 04.05.09.  
På tilsynet møtte miljøretta helsevern ved Tord Moltumyr og Grethe Elin Mjelde, representantar frå skulen og verneombod.

### ➤ Tilsyn

Det vart opplyst at verneombod Johnny Danielsen hadde stengt av klasserom 6, 7 og 8 for undervisning frå og med måndag 27.04.09. Dette på grunnlag av at personar som oppheldt seg i klasseromma vart sjuke. Gymsalen og symjehallen var også stengde grunna synleg muggsopp i rom som toalett og dusjanlegg.

I 2008 vart det påvist muggsopp i klasserom 7. Dette er renovert, og rommet nedvaska.

På synfaringa i klasserom 6, 7 og 8 vart det ikkje avdekt noko openbar årsak til at personar vert sjuke. Det er ut frå tidlegare målingar konkludert med at det er for dårleg luftskifte, grunna dårleg/mangelfull ventilasjons. For å kartleggje evt. årsak til sjukdomsplagar, vart det vedteke at det skulle utførast ny muggsoppmåling i klasserom 6, 7 og 8, samt skulekjøkken og grupperom 2. Dette for å finne ut om plagar kan skyldast ny oppvekst av muggsopp.

I gymsal vart det avdekt blant anna tilskitna ventiler for ventilasjonsanlegget. Glasskår i vindaugspostar og øydelagde golvplankar. Synleg muggsopp i taket på toalett og dusjanlegg.

På synfaringa vart det konstatert at tiltak som nemnt under pkt. B i rapporten vedrørende godkjenning (2007/2153 – 21936/2007) ikkje var utført.

## ➤ **Konklusjon**

- Miljøretta helsevern held ved lag vedtak om at skulen ikkje godkjennast etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.
- Det er ikkje påvist unormale forhold i klasseromma når det gjeld muggsopp (sjå vedlagte rapport frå Unilabs, telelab 14.05.09). Det er kjent at luftskifte i klasseromma (6, 7 og 8) ikkje er tilfredstillande og at CO<sub>2</sub> – konsentrasjon er over norm ved undervisning (gamle målingar). Det er ikkje gjort funn som tyder på at det er helsefare forbundet med bruk av dei aktuelle klasserom. Det vurderast at det ikkje er medisinsk-faglig grunn til å halde dei aktuelle klasserom heilt stengt for all undervisning. Aktuelle tiltak for å betre luftskifte er effektiv lufting med vindauge. Dette må utførast minst kvart friminutt (og evt. i timar). Det bør unngåas dobbelttimar, og at elevar går ut av klasseromma i friminutta.
- Det er påvist muggsopp på vaskerom i skulekjøkken. Saneringstiltak bør gjennomførast. Dør inn til vaskerom bør haldast lukka, slik at ikkje muggsoppsporar spreier seg til skulekjøkkenet. Tekstilar bør ikkje oppbevarast i vaskerommet inntil sanering er utført.
- Når det gjeld gymsal og symjehall, så må det utførast sanering av muggsopp, samt å utbetre forholda som vart avdekt under tilsynet. Sanering av muggsopp må utførast i samband med legging av nytt tak på gymsal. Ved å halde rom der det er synleg muggsopp avlåst, vil dette hindre at muggsoppsporar spreiar seg til dei andre romma i bygget. Ved slike tiltak vurderast det at bygget kan nyttast inntil sanering vert satt i gang.
- Skulen har søkt om utsetjing av fristen for retting og ny søknad om godkjenning. Det er lagt fram framdriftsplan for montering av ventilasjonsanlegg. I det samband settes det ny frist for gjennomføring av ventilasjonsanlegg og andre krav til godkjenning til 1. desember 2009.

Ny frist til søknad om ny godkjenning settes til 15. januar 2010.

Den 15/5 mottok underteikna elektronisk post der det vart opplyst at nokre av merknadane som var påpeikt under tilsynet i gymnastikkbygget allereie er utbetra.

Med vennleg helsing

Tord Moltumyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

**Kopi:**  
Meland kommune, Kommunalavdeling for kultur og oppvekst